

Sak 4 – Årsmelding for kommunestyregruppa til Tromsø SV 2025

Innleiing

Tromsø SV har seks faste kommunestyrerepresentantar. Gruppa består av de faste representantane og de seks første varaane:

- Pål Julius Skogholt, formannskapet, leiar i Oppvekstutvalet
 - Sigrid B. Hammer, varaordførar
 - Line Solbakken, Helse- og velferdsutvalet
 - Maja S. Lockert, Miljø-, idrett-, klima- og samfunnsutviklingsutvalet
 - Abdalla Mohammedali, Miljø-, idrett-, klima- og samfunnsutviklingsutvalet
 - Matias Kjerstad, nestleiar i Kommune- og byutviklingsutvalet
-
- Sara Ellen Gaup, 1. vara i kommunestyret og medlem i Oppvekstutvalet. Gaup møtte fast i den perioden Hammer var i mammafermisjon.
 - Åshild Fause, 2. vara til kommunestyret
 - Pernille Lind Hjertø, 3. vara til kommunestyret og medlem av Hasteutvalet for felleskap og sosial utjevning (ikkje hovudutvalg)
 - Bi Haavind, 4. vara til kommunestyret
 - Steinar Eliassen, 5. vara til kommunestyret og medlem av Kontrollutvalet
 - Jenny Glosemeyer Fangel, 6. vara til kommunestyret

Store delar av dette året har Sigrid Hammer vore i mammafermisjon og Line Solbakken har vikariert som varaordførar.

Gruppas arbeid hadde ikkje vært mogleg utan at mange av varaane har møtt på ulike møter i løpet av året.

I perioden 2023-2027 får kommunestyregruppa eit gruppefrikjøp på 418 170,- kroner, i takt med prisvekst har dette auka til no 436.567. Dette er fordelt med eit frikjøp på 5% til alle i gruppa som ikkje har heiltidsfrikjøp. I avtalen med dei andre partia overfører SV eit 10% frikjøp til Raudt. Det tilsvarer 79 893,- kroner.

SV:

Fast godtgjøring kr 164.743

6 representanter x 45.304 kr 271.824

Totalt = kr 436.567

(Line E. Solbakken kr 40 164) I den perioden ho vikarierte som varaordførar vart dette utbetalt til Matias Kjerstad

(Maja S. Lockert kr 40 164)

(Abdalla Ali Mohammed kr 40 164)

(Sara Ellen Gaup kr 40 164)

(Matias H. Kjerstad kr 40 164), i perioden Line Solbakken var varaordførar hadde han eit litt større frikjøp.

(Partikonto kr 106 784)

(Rødt kr 79 893)

Eit 100 % frikjøp for andre enn ordførar og varaordførar er definert til å vere ei årsløn på 789 000,- kroner. Løna til varaordførar er 903 856,-

Desse er frikjøpt som konsekvens av posisjonar dei er valt til:

- Sigrid B. Hammer, 100% (varaordførar)
- Pål Julius Skogholt, 100% (formannskap og leier for hovudutval)
- Matias Kjerstad, 30% (nestleiar i kommune- og byutviklingsutvalet). Han har tilsvarende permisjon frå sitt faste arbeid for å ivareta vervet.

I Tromsø SV betalar alle med folkevalde verv partiskatt, som er ein ordning for å utjamna forskjellar mellom tillits- og folkevalde og som sikrar inntekter til partiets arbeid.

Informasjon og kommunikasjon med medlemmane

Vi sender ut e-post til alle medlemmar og alle andre som ønske rå abonnere på nyheitsbrev ein gong i veka. Denne eposten handlar mest om kommunepolitikken, men tar og opp andre tema når det høver slik. E-posten blir og brukt til å informere om kva som skjer i partiet.

Det er gruppemøte måndagen før kommunestyremøta og torsdagane veka før møta i hovudutvala. I gruppemøta avgjer vi SVs haldning i saker som skal opp i kommunestyret og i utvalsmøta.

I tillegg har gruppa hatt fleire arbeidsgrupper om ulike tema, der kommunestyregruppa inviterer medlemmar til å bidra. Blant annet grupper om arbeidet med kommuneplanens arealdel, byutvikling og miljø, og helsepolitikk.

Kommunikasjon med andre

Kommunestyregruppa og styret har faste samhandlingsmøter med Fagforbundet, og hyppige møter med Utdanningsforbundet. Vi bruker sosiale media for å informere om saker. Vi har møter med mange ulike aktørar i løpet av eit år. Mange som tar kontakt med oss, men også der vi tar kontakt for å hente informasjon eller for å forsøke å skape felles handling i aktuelle saker. I 2025 var Tromsø SVs kommunestyrerepresentanter i media i Tromsø ca 687 gonger. Det er betydeleg meir enn i 2024 og det er heilt naturleg i eit valkampår.

Nokre viktige saker dette året som gjekk

Økonomien har vore den altoverskuggande saka også i 2025 som i 2024. I 2024 gjekk kommunen med eit stort underskott. Det underskottet må kommunen betale tilbake i løpet av 2025 og 2026. I 2025 var vi ikkje i stand til å betale tilbake noko av det. Konsekvensen av det var eit svært vanskeleg budsjett for 2026. Det blir og utfordrande å klare å halde dette budsjettet for i år.

Administrasjonen sitt framlegg til endringar i skolestruktur vart det det ikkje noko av i 2025, blant anna som følgje av KI-skandalen. Dette arbeidet vil starte opp igjen. Bakgrunnen for arbeidet er ein ganske kraftig nedgang i elevtalet i Tromsø. I inneverande skoleår er det 7561

skoleelevar i Tromsø kommune. I skoleåret 2015-16 var det til samanlikning 8364 elevar. På desse ti åra har talet på elevar gått ned med 803. Med dagens kommuneøkonomi er det ikkje unaturleg at når vi har tapt elevar tilsvarande to store sentrumsskolar at vi og må sjå om vi må gjere noko med skolestrukturen.

Samarbeidspartia ble i mai 2025 einige om eit utkast til kommuneplanens arealdel og la utkastet på høyring. Gjennom forhandlingane stoppa SV planane om å bygge ned skog og friluftsområdet på radiomastomtane/Elverhøy radio. Moglegheitene for seks blokker med inntil tre hundre bustader nært Elverhøy kyrkje, skapte eit stort engasjement. Dette var enkeltsaka med klart flest høyringssvar. SV valte å lytte og folk behaldt skogen og nærnaturen.

I løpet av året avgjorde statsforvaltaren at skytinga på Tromsdalen skytebane må slutte. Etter dei politiske vedtaka for snart ti år sidan, har det vore ein juridisk prosess. Framover vil folk i Tromsø kunne ferdast i dalen utan skyteplager. Statsforvaltaren oppheva også reguleringsplanen om hytteplanar på Breivikeidet fort.

Innan helse og omsorg vedtok kommunestyret våren 2025 den heilskaplege planen for helse, velferd og omsorg, *Aktive og selvstendige – sammen*. Planen vart først handsama i helse- og velferdsutvalet, der SV bidrog til å få inn viktige tillegg. Planen gir føringar for utviklinga av helse- og omsorgstenestene i møte med aukande behov, demografiske endringar og avgrensa ressursar, og legg vekt på førebygging, tidleg innsats og betre samanheng i tenestene.

I kommunestyremøtet i desember vart det vedteke å gå vidare til forprosjekt for Kvaløya bo- og velferdssenter. Prosjektet skal bidra til å sikre betre kapasitet og kvalitet i helse- og omsorgstenestene, med vekt på heildøgns omsorg, gode arbeidsforhold og løysingar som legg til rette for samhandling og aktivitet i lokalmiljøet.

I samband med budsjettforhandlingane gjekk SV og samarbeidspartia òg inn for å opprette åtte ekstra plassar for omsorgsbolig+ i dei tidlegare lokala til Seminaret i 5. etasje. Tilbodet får namnet Almelunden. Samla sett viser den helhetlege planen og desse tiltaka ei tydeleg retning for ei berekraftig utvikling av kommunen sine helse- og omsorgstenester.

Viktige saker i det komande året

Det blir mange viktige saker i året som kjem. Økonomien blir viktig å året som kjem og. Kommunen skal gjennomføre store endringar i drifta, spesielt innafor helse og omsorg. Det blir ei stor utfordring å gjennomføre desse samstundes som vi skal gje eit forsvarleg tilbod til alle og ta vare på dei tilsette som skal gjennomføre

Også i 2026 kjem det til å bli diskutert skolestruktur i Tromsø. Nokre av dei viktige endringane frå førre prosess er at oppvekstutvalet har bedt om at arbeidet blir gjort område for område og at ein startar med fastlandet slik at vi tidleg kan få avgjort storleiken på ein ny skole i Tromsdalen og kan komme i gang med bygginga der.

Arealdelen ventes å komme til ny politisk behandling. Sannsynligvis for å legges ut på ny høyring, da for tredje gong. Arealdelen er eit svært viktig dokument som legg dei juridiske føringane for arealbruken i Tromsø. Forslaga som ble lagt ut på høyring har fått vesentlege innsigelsar og merknadar frå statsforvaltaren med fleire. Eit stort arbeid gjenstår for komme i

mål. For SV blir nærnatur, folkehelse, trivsel og Tromsømarka viktig. Ei utbygging av nesten fire hundre bustader i Hamna vil ta store jafs av det folk opplever som Tromsømarka. Dersom Solneset/Vestskogen blir tillate nedbygd vil hundeløpa og friluftsopplevingar for folk gå tapt. Hundrevis av menneske har engasjert seg, og SV planleggar å sørge for at interessa til folk og natur seirer. Tromsømarka er verdt å ta vare på.

Ein omgjæringsførespurnad hos departementet kan i 2026 endeleg avgjere Finnheia-saken. Det mangla ein tilstrekkeleg kartlegging av naturen da ein av planane ble vedtatt i 2020. Det er ein saksbehandlingsfeil som kan gjere at planen om hotell, parkering og skitrekking blir oppheve. Utbyggjarane har tidlegare sagt at dei er avhengig av ein stor hyttelandsby for å realisere Arctic Center, denne delen ble ikkje vedtatt i 2020. Arbeidet med å ta vare på Finnheia fortsetter. Det ser stadig betre ut for alle som bryr seg om skiturar, karbonrik myr og kvardagsfriluftsliv på Finnheia.

Oppfølging av partiprogrammet

Kommunestyret jobbar systematisk med å følgje opp det politiske programmet for perioden. Konkret har vi systematisert alle punkta i programmet i eit rekneark, prøvd å fordele ansvar og fyller inn kor langt vi er komen med ei sak. Sjølve innfyllinga i programmet skjer litt i rykk og napp. Skjemaet vi bruker ser slik ut:

Priori	Tema og politikk	Ansvarleg	Kvar kan vi gjere ting, organ, sak ol.	I Romssa-erklæringsa	Samarbeidsparter	Tidsfrist?	Tilpasse mål til kva det kan vere mogleg å få til?	Prosess	Fortell meir
	Tromsø SV vil redusere klimautslippene ved å omstille samfunnet til tiltak, tonn for tonn og sektor for sektor.	Alle/MHK/AAM og MSL	Budsjett, KPA ny klima og miljøplan						
	Forbedre klimabudsjettet og innføre et årlige klimaregnskap som viser resultatene av klimatiltakene.	AAM	HAP					I gang	
	Invitere næringslivet, miljø- og naturvernorganisasjonene i Tromsøområdet til et nærmere samarbeid om klima, miljø og energi.	Lokallagsstyret?			Naturvernforbundet, NU			Ikke starta	
	Bruke Bypakken og arealplanlegging aktivt for å redusere energikrevende transport og minke bilbruket.	MHK og PJS	Styringsgruppe BVA og KPA					I gang	
	Stimulere til fornybar energiproduksjon lokalt som for eksempel solcellepaneler på kontor- og næringsbygg, og kommunale bygg.	MHK	Reguleringsplaner, ny klima og miljøplan					Ikke starta	
	Legge til rette og stille krav om klimavennlige bygg. Det mest klimavennlige er å ta vare på eksisterende bygg. Derfor må vedlikeholdet styrkes.	MHK	HAP og reguleringsplaner, behovsmeldinger					I gang	
	Tromsø kommune vil bidra med at egne biler og maskiner skal være fossilfrie.	PJS	HAP, konseptvalgutgreiingar					I gang	Starta med Gyllenborgbrua og Storgata nord
	Stå på for Nord-Norgesbanen, som kan redusere trailertransport og flytrafikk.	SBH	Jobbe mot sentral og IPRet					I gang	Jernbanerådigevar i IPRet, jobbing mot sentralt starta
	Styrke en mer klimavennlig fiskeriflåte ved å overføre pliktivoter og strukturvoter til kystflåten.	PJS	Jobbar med kvotemeldinga					I gang	
	Sørge for ledemuligheter i fiskerihavnene.	MHK/AAM	KOBV, HAP					Ikke starta	
	Tromsø SV vil tilrettelegge for økt gjenbruk og mindre forbruk ved å								
	Redusere det materielle forbruket ved å stimulere til økt deling, økt repareringsgrad, forbruksminimerende offentlig innkjøp og flere brukmarkeder.	PJS/MSL	Remiks					I gang	Rebell
	Videreutvikle Remiks sitt samfunnsoppdrag i offentlig eie. Videreutvikle gjenbruksordningene.	PJS/SBH	Formannskapet som eigarutval					Ikke starta	
	Sørge for at alt avfall - også bedriftsavfall - kildesorteres. Øke kunnskapen om farlig avfallssortering.	MSL	MIKS, klima og miljøplan					Ikke starta	
	Sikre gode rammevilkår for Remiks nye brukstidspunkt og gjenbrukshall i den gamle Postterminalen.	SBH	Formannskapet som eigarutval					Ikke starta	
	Sikre at det vedtatte mekkeverkstedet blir gjennomført, slik at folk kan ha et sted for å reparere.	PJS	HAP	ja				I gang	Ligg inne i økonomiplanen for 2025
	Etablere en ressursbank for materialer og gjenstander. Uthvide gjenbruksstasjonene for materialressurser, bl.a. ved mer digitalisering, sporing og synliggjøring.	PJS	Remiks					I gang	Rebell proff

Rekneskapen til kommunestyregruppa

Endret 06.01.2026

Inntekter

Rekneskap 2025

Gruppefrikjøp	kr 102 277,00
Arbeidet i kommunestyregruppa	kr -
Renteinntekter	kr -
Diverse inntekter	kr -
Inntekter	kr 102 277,00

Kostnader

Reiser, møter etc	kr 59 560,48
Utstyr	kr 3 191,00
Avgifter/gebyrer, SNN	kr 326,00
Mat og sosialt for gruppa	kr 16 635,00
Sosiale media	kr 5 587,26
Kjøp av tenester	kr 13 000,00
Diverse	kr 4 314,00
Lån til partiet	kr -
Eigne møter	kr 1 126,96
Kostnader	kr 103 740,70

Resultat

Inntekter	kr 102 277,00
Kostnader	kr 103 740,70
Årets resultat	-kr 1 463,70

Egenkapital (konto og
utestående)

Egenkapital

ved årets start + saldo balanse

Egenkapital

kr 197 230,10

Kontonavn	Startsaldo 1.1.25	Posterings i perioden			Disponibel sluttsaldo
		Inn	Ut	Bevegelser	
Driftskonto SNN	198 981,59	kr 114 023,08	-kr 115 774,57	-kr 1 751,49	kr 197 230,10
Fordringer	7000		-kr 7 000,00	-kr 7 000,00	kr -
Gjeld	kr -				
Offentlige avgifter	kr -				
Egenkapital	kr 205 981,59			-kr 8 751,49	kr 197 230,10

Notar:

1. Fordringa overfor Tromsø SV frå 2023 på 7000,- kroner vart ettergjeven etter vedtak i gruppestyret.
2. Dette er ein nettorekneskap. Gruppa la ut for nokre annonsar i valkampen for Troms SV, desse kostnadane er refundert. Utgiftane under sosiale media i rekneskapen er kun dei kostnadane gruppa hadde.
3. Kjøp tenester innhald og abonement på Kommunal Rapport og dataverktyet Brandmaster.

Kommunale verv

Pål Julius Skogholt	gruppeleder, formannskapsmedlem, leder av Oppvekst og utdanningsutvalget og kommunestyremedlem
Sigrid Bjørnhaug Hammer	varaordfører, formannskapsmedlem og kommunestyremedlem
Line Solbakken	kommunestyremedlem og medlem av Helse- og velferdsutvalget. Line Solbakken har vikariert som varaordfører store delar av året medan Sigrid Hammer har vore i mammafermisjon
Maja Sandvik Lockert	kommunestyremedlem og medlem av Miljø-, idretts-, kultur- og samfunnsutviklingsutvalget
Abdallah Mohammed Ali	kommunestyremedlem, medlem av Miljø-, idretts-, kultur- og samfunnsutviklingsutvalget og medlem av Integreringsrådet
Matias Hogne Kjerstad	kommunestyremedlem og nestleder av Kommune- og byutviklingsutvalget.

Sara Ellen Gaup	1. vara til kommunestyret og medlem av Oppvekst og utdanningsutvalget. Sara Ellen Gaup har vore fast medlem av kommunestyregruppa i store delar av året medan Sigrid Hammer har vore i mammafermisjon.
Åshild Fause	2. vara til kommunestyret
Pernille Lind Hjertø	3. vara til kommunestyret og medlem av Hasteutvalget for felleskap og sosial utjevning
Bi Haavind	4. vara til kommunestyret
Steinar Eliassen	5. vara til kommunestyret og medlem av Kontrollutvalget
Jenny Glosemeyer Fangel	6. vara til kommunestyre
Jørund Jørgensen	medlem av Overskattetaksnemnda
Åsne Høgetveit	medlem i styret til Tromsøbadet KF og medlem av styret til Tromsø Havn
Stein Valkoinen	leder av Viltneemnda
Anne Birgit Nilsen	medlem av styret til Tromsø kommunale pensjonskasse
Maja Sandvik Lockert	medlem av styret til ASVO og medlem av styret til Aurora Kino AS
Matias Hogne Kjerstad	medlem av representantskapet til K-sekretariatet IKS
Pål Julius Skogholt	styreleder i Remiks
Gunhild Johansen	medlem av styret til Tromsø parkering, medlem av styret til Tromsø brann og redning KF, medlem av eldrerådet, medlem av bedriftsforsamlinga til Vinmonopolet AS og medlem av kontrollkomiteen til Vinmonopolet AS